



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

i
ROGALAND

1943

Navnet på vatnet

Seldalsvatnet

Kommune

Ferdnes

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

S E L D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 12. september 1973.

Vatnet ligg i Sandnes kommune, på sersida av vegen mellom Sviland og Høle og med Øksnanuten i aust og Vassfjellet i sør-aust.

Arealet er omlag 75 ha. og h.o.h. 215 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men etter det folk kan fortelje, skal største djup vera ca 30 m. Her er store, meir grunnlendte partier nær land.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjærme dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras og algevegetasjonen vil ein finna frå stranda og utover.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter og skogsmark. Her veks spredt bjerkeskog.

Hovudtilsiga er "Nordlandsbekken" i nord, og "Seldalsbekken" i aust og "Reynlibekken" i sør. Elles div. mindre bekketilsig.

Avlaupet går til Svihusvatnet i vest.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet grønlig-gul.

Surheita pH er målt til 7.0 (nøtralt vatn) og som er heilt ideelt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 3.0 mg/l og den totale hardheita 6.0 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 44.6 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Då vatnet er regulert 4-5 m vil gjennomstrøyminga normalt vera liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke betnprøver på 2.0, 5.0 og 10.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 10 fåberstemark, 19 fjærmygglarver, 2 vårflugelarver, 7 muslingar, 12 stikkmygglarver, 1 marfle og 2 døgnflugelarver tilsvarande 530 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 7 fjærmygglarver, 1 fåberstemark, 2 vårflugelarver og 2 muslingar - i alt 120 individ pr. m².

På 10.0 m vart det funne 9 fjærmygglarver, 22 muslingar og 6 fåberstemark eller samla 370 individ pr. m².

Samla resultat syner etter dette at der er relativt bra med næringsdyr i vatnet.

Dette er også eit av dei få vatna her i fylket der det verdfulle næringsdyret "marflo" (*Gammarus lacustris*) er å finna.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne gammarus (marflo), linsekreps, døgnflugelarver, muslingar, mygg, luftinnsekter og fjærmygglarver. Ein ganske allsidig meny.


Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m og eit vertikaltrekk på 10.0 m med planktonhov. Resultatet av begge desse prøvene må karakteriserast som fattige.


Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer aure , røyr og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 60 aurar og 2 røyr. Fordeler vi fangsten på omfara vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Set vi opp ei grafisk framsyning over aurane vi fekk, fordelt på cm-klassar, vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 6 kvite, 17 lysrøde og 2 røde i fiskekjøttet.

16 av prøvefiskane var meir eller mindre angripne av parasittar. Det var vidare 13 hofiskar og 12 hanfiskar - ei normal kjønnsfordeling.


Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten for prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.3	8.8	13.9	18.2	21.0	22.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.3	4.5	5.1	4.3	2.8	1.4
Antall fiskar	25	25	25	24	12	3

Medels kondisjonsfaktor 0.99 tilseier fisk av god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Seldalsvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år). Fisken i Seldalsvatnet syner her ein dårleg lengdetilvekst og ligg like frå fyrste år av under normalen. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 23-24 cm, men det er berre få fiskar som når opp i

denne storleiken. Nå vil det sjølvsagt finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men det er neppe mange av desse. Dette er fisk som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt, men sterkt overbefolka. Tilheva skulle liggja vel til rette for fiskeproduksjon i Seldalsvatnet.

Det er som kjent nedslagsfeltet som spelar ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna tilgode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vikår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Seldalsvatnet består for ein stor del av kultivert mark og dette er då grunnen til den gunstige pH og det allsidige næringsferrådet ein her vil finna.

Dei kjemiske tilhøva er gode og betnprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er representert.

Omfarferdelinga syner, at det er småfisken som fullt ut dominerar vatnet i dag. Over 60% av fiskefangsten vart fanga på det eine garnet av omf. 32. Stertparten av fisken vil ha ein storleik på 18-21 cm.

Ser vi på vekstkurven, så er ikkje denne bra. Grunnen er, at fiskebestandet er langt i øverkant av vatnet si bæreemne.

Då gytetilhøva er gode, fører dette til at det årleg kjem nye år-gangar med yngel og småfisk ut i Seldalsvatnet, og blir ikkje den årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp og gir grunnlag for eit småvakse bestand.

Ser vi på prøvefiskane våre, så var heile 64 % av desse angripne av parasittar. Dette er også ein indikator på overbefolkning, då ein skjeldan vil finna parasittar i vatn der det er godt samsvar mellom næringsferråd og fiskebestand.

Under prøvefisket vårt vart det fanga berre 2 røyr, men det er all grunn til å tru at også røyrbestandet er altfer stort. Når vi ikkje fekk fleire fiskar på garna skuldast dette, at røyra held til i dei djupare vasslaga, og søkjar grunnane ved gytetid om hausten.

Praktiske tiltak.

Vi vil foreslå, at det blir skipa til eit grunneigarlag for Seldalsvatnet og Svihusvatnet, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Vidare må ein gå i gang med utfisking av aure og røyr. Det er fleire måtar dette kan gjerast på, men ved å kjøpe inn 8-10 garn av høvande maskestorleik (omf. 26-28-32) og drive eit hardt garnfiske ved bekkesane om hausten, skulle ein kunne ta ut mykje fisk. Ved å ta ut gytetefisken, tek ein samstundes den årgangen med yngel og småfisk som ville ha kome frå desse.

Denne utfiskinga må ein halde på med 2-3 år framover og ein vil innan denne tid sjå korleis fiskekvaliteten endrar seg til det betre.

Ein annan måte å gå fram på, er å montere ruser på gytetebekkene. Bekkene må då demmast opp på begge sider og vatnet leiast inn i eit laup. Ved å montere ruser på øvre sida, slik at den dekkar

heile/laupet, vil all gytefisken måtte gå inn i rusa som må temast minst ein gong kvar veke. Dette er ein rimeleg, effektiv og mykje nytta måte til å redusere eit fiskebestand på.

Utfiskinga må sjølvstøtt også omfatte reyra. Denne har stor formerings-
emne, og har lett for å bli dominerande, om ein ikkje driv eit hardt
garnfiske for å halde bestandet i sjakk. Ein må lokalisere gyte-
plassane og setje garn her ved gytetider om hausten.

Ved å gjennomføre dei tiltaka som her er peika på, vil ein innan få
år få fram eit mykje bra fiskebestand i Seldalsvatnet.

Etter 4-5 år må det takast ein ny analyse for å sjå verknaden av
desse tiltaka.

Stavanger 25/1 1974

Einar Berg